



Kvam herad
Grovgjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Torkel Hofseth, 5764 3083
Gro Kampp Hansen, 5557 2168
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Kvam herad - Vegbygging i verneverdig furuskog i Linga og Røyrvik

Vi har motteke ei bekymringsmelding frå Naturvernforbundet Hardanger om bygging av landbruksvegen Snorlivegen og forvaltning av svært verneverdig furuskog på Linga og Røyrvik i Kvam herad, dagsett 29. februar 2024. På bakgrunn av denne meldinga vart det arrangert ei synfaring i området der skogeigaren, naturvernforbundet, kommunen og Statsforvaltaren deltok.

Med bakgrunn i synfaringa og kommunen si sakshandsaming har vi utarbeidd eit fagnotat som går nærare inn på oppsummeringane under. Fagnotatet følgjer vedlagt dette brevet.

I fylgje sakshandsamar i Kvam herad, er status på vegen at den skal ferdigstillast hausten 2024, og at det til no berre er hogd i veglinja.

Vi vurderer at saksutgreiinga til Kvam herad har manglar. Relevante miljøtema er ikkje teke med og moglege konsekvensar av tiltaket på naturmangfald er avgrensa til veglinja og elles i liten grad vurdert, jf. naturmangfaldlova §§ 8 - 12. I vurderinga er det uklart kor stort og kva som er utstrekninga av dekningsområdet, og såleis kva direkte økonomisk nytte vegen vil gje.

Det er ikkje gjort noko vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8 - 12 ved handsaming av tilskotet til vegen. I område med verdifull natur vil det vere naturleg å gjere ei vurdering av naturmangfaldet i heile dekningsområdet til vegen ved handsaming av tilskotssøknaden, jfr [Landbruksdirektoratet 2015](#) og [Klima - og miljødepartementet 2016](#).

Kvam herad har ikkje sendt landbruksvegsøknaden på høyring til Statsforvaltaren slik det står at den skal gjere i landbruksvegforskrifta § 3-1 fjerde ledd. Dette burde uansett blitt gjort uavhengig av lovkravet i landbruksvegforskrifta, då saka inngår i Statsforvaltaren sitt ansvarsområde for nasjonale miljøverdiar.

Vidare kan det vere føremålstenleg at interesseorganisasjonar som Naturvernforbundet får høve til å uttale seg i enkeltsaker som omfattar deira interessefelt. Slike organisasjonar kan etter ei konkret vurdering i den einskilde sak ha klageinteresse. Vi tilrår difor kommunen å legge til rette for at desse kan gje innspel før det blir gjort vedtak. I denne saka er det også sannsynleg at innspel frå eksempelvis Naturvernforbundet hadde bidratt til å opplyse saka betre jf landbruksvegforskrifta § 3-1 første ledd.



Vårt inntrykk frå kunnskapsgrunnlaget omkring naturverdiane i området og synfaringa, er at det burde vore lagt større vekt på desse kvalitetane i sakshandsaminga og utforminga av vedtaket om byggjeløyve for landbruksvegen. Kvam herad har også heimel i dei to forskriftene, skogbrukslova og berekraftforskrifta, til å setje vilkår om at det vert teke eit sterkare omsyn til naturmangfaldet i dekningsområdet til veggen.

Dersom ein hogst eller hogstmetodar i eit område kan få uheldige verknader for miljøverdiane, kan kommunen gjere eit sjølvstendig vedtak om vilkår for gjennomføringa, eller nekte hogsten heilt, jf. skogbrukslova § 8 andre ledd og § 11 *meldeplikt*. I område der det er konflikt med miljøinteresser, som i dette tilfellet, kan slike vilkår gje skogeigar klårare rammer for kva tiltak og korleis han skal utføre dei, og dermed konkretisere omsynet til miljøverdier ved hogst.

Vi rår kommunen til å fatte eit slikt vedtak i denne saka og set vilkår for hogst. Kommunen kan også gje råd til skogeigar om korleis hogstar og andre tiltak i vegens dekningsområde kan gjennomførast slik at dei ikkje skadar miljøverdiane, eventuelt vurdere om det skal innførast meldeplikt i dekningsområdet som høyrer til veggen.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Fagnotat vegbygging i Linga og Røyrvik Kvam herad

Kopi til:

NATURVERNFORBUNDET HORDALAND	Tverrgaten 4	5017	BERGEN
NATURVERNFORBUNDET I HARDANGER	c/o Klaus Issing Rasmussen Porsmyrvegen 134	5610	ØYSTESE
Oddvar Soldal	Kyrhagen 32	5610	Øystese
HARDANGER FOLKEBLAD A/S	Postboks 374 Ragde	5751	ODDA
Torgeir Hamre Røyrvik	Innstrandavegen 293	5620	Tørvikbygd
AT SKOG SA AVD VOSS	Postboks 73	3901	PORSGRUNN